

30 NOV 2015

Museumssenteret i Hordaland
avd. Havrå
5286 Haus
tlf. 56390290/95914742

Hordaland fylkeskommune
v/kultur- og idrettsavd.
Postboks 7900
5020 Bergen

Havrå 27/11 2015

Dykkar ref.:

Vår ref.: MAJ

Rapport om bruk av tilskot til kulturlandskapstiltak 2015

Me er svært takksame for løvvinga me fekk til arbeidet vårt med kulturlandskapet på Havrå.

Arbeid med drift, skjøtsel og forvaltning

Me har tidlegare søkt og rapportert på midlar knytt til dyrehald, åkerbruk og slått, fordi dette har vore tiltak Riksantikvaren har kunna gje støtte. Dette er framleis kjernen i gardsdrifta og skjøtselen vår, men me har også mange andre arbeidsoppgåver i tilknytning til dette som me gjerne vil gjera greie for i rapporten. Det følgjande gjeld altså for dei 3 tilsette som i all hovudsak arbeider med kulturlandskapsskjøtsel.

Me har vald å gruppera arbeidet vårt i 5 kategoriar: Slått, husdyr, åker, skjøtsel/vedlikehald og forvaltning.

Slått:

Dette omfattar det arbeidet dei fast tilsette og innleigd slåttehjelp utfører i slåtten, og i tillegg førebuande arbeid og etterarbeid. Gjødsling, rydding av slåttemarka, hogst, tillaging av hesjaved, vøling av hesjar, tillaging og vøling av reiskap er døme på arbeid som kjem inn under dette.

Sjølve slåtten tok til 15. juni, og varte til me gjekk på ferie 17. juli. Me slo heile bruk 2 og 6, som me eig, og heile bruk 4, som me leigar.

Me hadde 14 innleigde slåttefolk, 8 av dei svenske ungdommar mellom 23 og 32 år, og 6 norske ungdommar.

Arealet som vart slått i 2015 var om lag 50 dekar, sjå vedlagte kart, og kosta kr. 542 642. Dette er noko mindre enn som året før, og kjem av to ting. Det eine er at sommaren kom ualminneleg seint, så det var lite gras gjennom det meste av slåtten, og me gav vekk ein større del av graset enn året før, og fekk såleis mindre arbeid med det(slapp hesjing samt leggja i

stål). Me hadde som mål å ikkje å tørka meir høy enn me treng. I år hadde me overvekt av nye slåttefolk, og me såg nok ein gong verdien av å ha erfarne slåttefolk som kan bidra og ta eit større ansvar. Me har godt med høy, og vil komma oss velberga gjennom vinteren.

Når det no står ein månad att av året, har me som er fast tilsette brukta 126 dagsverk å kr. 2 441 på slåtterelatert arbeid, altså **kr. 307 566**.



Sauene går på talle når dei står inne om vinteren. Tallen grovhakkar me inne, ber han utanfor og finhakkar han, før me ber han ut på bakkane og breier han utover.

Husdyr:

Her utgjer florsstellet i perioden oktober til mai det meste av arbeidet. I tillegg kjem gjerdearbeid, ettersyn på beite, sinking og alt anna arbeid som er knytt til husdyrhaldet. Me har til no brukta 101 dagsverk på dette til ein kostnad på **246 541 kr.**

Åker:

Me dyrkar gamle sortar av poteter og korn i vekstskifte, og inkludert her er alt arbeid frå møka vert borene ut på åkrane til kornet er malt og potetene på plass, ferdig sortert, i potetkjellaren, i tillegg til at me lagar og vedlikeheld reiskapen me brukar til dette arbeidet. Me har brukta 66 dagsverk på dette til no, til ein kostnad på **161 106 kr.**

Skjøtsel og vedlikehald:

Dette er ein stor post som omfattar mykje av arbeidet vårt, og som både direkte og indirekte er knytt til det arbeidet Riksantikvaren har støtta. Kort fortalt meiner me her skjøtsel og vedlikehald av bygningar og landskap. Noko av det er arbeid som er planlagt, men det er forbausande mykje tid som går til uforutsette ting som dukkar opp og må handterast.


I året som har gått har me rydda ein del skog i Herlandsliæ og på Stadlane, delvis for å få attende slåttemarka, og delvis for å unngå rotvelt og skade i samband med det. Me har også rydda opp i fleire rotvelt, mellom anna eitt som har sperra ei grind gjennom Slåttegarden sidan tidleg på 90-talet. Me har også rydda i rotvelt på Bødn og i Slåttevegen. Me har då frakta vekk veden, brent kvistane, grove jorda av røtene og stelt bakken til att og sådd i. Røtene har me også fjerna, slik at staden er så godt som det let seg gjera tilbakeført til slik han var. Stormane i vinter gjorde mykje skade på stiane/vegane kringom på garden med rotvelt og knekte tre, og me brukte ein del tid på å rydda desse og halda dei farbare.



Parti av Slåttevegen like ovanfor Olahaugen, som er eit godt døme på forfallet på vegane på Havrå. I fråvær av skjøtsel får tre veksa opp i eller inntil vegen, og etter ei tid vert dei så store at dei går over ende i eit uvêr. Her har treet som har velta flekt jorda av inntil fjellet, og reve med seg øvste del av dei murte trappene opp denne kleiva.

Mange år med manglende vedlikehald gjer at forfallet aukar, og det vert gjerne slik at me må ta skippartak for å retta det opp att. I år gjorde me eit arbeid med å ordna skadar vatn på avvegar har forårsaka ved Anderssmalhuset og Semenssmalhuset i Udgjerdsgarden. Her kjem det bekkar nedover lia ovanfor Udgjerdsgarden, altså i utmarka der det går dyr på beite. Ofte går desse bekkane under jorda når dei kjem inn på Udgjerdet, der det var slåttemark. Når inngangen til desse veitene vert tetta til av kvist, jord og lauv, tek vatnet nye vegar, og her rann det sidevegs og samla seg i dammar før det rann over og utover bakken inne på Udgjerdet. Ved Anderssmalhuset har det samla seg mykje lausmassar og bygd seg opp jord

langt oppetter gjerdet. Me har måtta grava vekk mykje jord som har samla seg både utanfor og inni smalhuset. Gjerdet måtte ordnast, og eit lad som låg under massane måtte murast



Rydding av slåttemark i Herlandslice. Skogen vart felt, veden frakta vekk, kvisten brent, og bakken vart rakt rein for mose, stein, lauv og kvist, og me sådde i med frø frå høystålet. Området vart slått i sommar.

oppatt. Ved Semenssmalhuset var det ei liknande problemstilling, men ikkje så omfattande. Grøftene måtte ordnast ved begge smalhusa, og me grøfta ved grunnane etter Simovårfloren og Olsavårfloren også. Me har eit enormt etterslep på vedlikehald av veiter og bekkar, så me får ta litt kvart år. Me må stadig vedlikehalda grøfter og drenering i og nær tunet, og me har også brukt nokre dagar på det i år også.

Larsaløa har fått ny takrenne. Me har skifta vindskieier og dekkbord på Larsaløa, Gulleksmottinga, Larsautløa og Semensutløa, og ordna ein lekkasje på sprinkelrommet til brannsikringsanlegget. Her måtte taksteinen av og takpapp og lekter bytast.



Larsautløa før og etter vindskiene og dekkborda vart skifta.

Me brukar eitt av kvernhusa til å mala korn på, og der held me på med eit arbeid for å få kverna til å mala betre. For å utnytta vasskrafta best mogleg, lagar me større skjeker på kvernallen, i tillegg til å gje dei ei anna form som fangar vatnet betre. Me lagar nytt slok, og syter for å betra vasskapasiteten og plassera vasstrålen best mogleg på skjekene. I same slengen lagar me ny grunnslo (den stokken kvernallen står og sviv på), og me har laga nytt lettetre. Det gamle gjekk sund sist me brukte kverna.



Då garden var i drift, var det fleire hundre frukttre på garden. Dei har vorte eldre, og mange av dei er allereie borte, og svinnet aukar. For nokre år sidan byrja me på eit arbeid med å gjenskapa frukthagane på dei 3 bruka me har ansvaret for, og har arbeidd årvisst med dette sidan. Prosjektet har fått stønad gjennom ei ordning Genressurssenteret har som heiter Plantearven. Me har fått stønad til oppformeiring av dei gamle sortane, men utplanting, sikring mot hjort og husdyr og stell av nye og gamle tre er eigeninnsats.

Denne lista er langt frå utfyllande, men ho viser nokre av dei største prosjekta våre. Me har brukt 168 dagsverk på skjøtsel og vedlikehald, til ein kostnad på **410 088 kr.**

Forvaltning:

Herunder har me rekna mange oppgåver som me har som museum, men som ikkje nødvendigvis viser att direkte i kulturlandskapet. Delar av tunet har brannsikring gjennom utvendig sprinkling, brannslangar, brannslukningsapparat og røykdetektorar. Dette anlegget krev jamnlege kontrollar, dokumentasjon og rapportering, og det vert halde øvingar med tilsette og orientert om instruksar til folk som besøkjer tunet. Ynskjet er å få sikra heile tunet utvendig og innvendig, og me arbeider vidare med dette. I tillegg vert det gjennomført jamnlege internkontrollar på det elektriske anlegget. Me arbeider også med risiko- og tryggleiksanalyse for heile Havrå.

Ein viktig del av vårt arbeid er dokumentasjon av arbeid, av landskap og bygningar og av historisk materiale. Målet vårt er å få på plass ein database der all dokumentasjon som vedkjem Havrå er samla. Dette er eit prosjekt me inntil vidare kallar "Lag på lag". Dette er ressurskrevjande å få på plass, og me har inntil vidare ikkje fått det finansiert. Me prøver likevel å få samla trådane og byggja på det dokumentasjonsgrunnlaget me har og utvikla det i den retninga me har skissert i prosjektsøknaden, ved hjelp av dei ressursane me allereie har.

Døme på historisk dokumentasjon er Plantearven-prosjektet, der me ved hjelp av flybilete og film frå 50-talet kombinert med intervju og vandringar i terrenget med eldre grunneigar får klarlagt nøyaktig plassering av trea, kva sort det er og andre opplysningar knytt til einskildtrea og fruktdyrkinga på garden generelt. Plasseringa til trea har me så målt inn på kart med GPS, og knytt kartet til lister med opplysningar om sort og anna.

Eit anna prosjekt er dokumentasjon av vegnettet på garden. Det er helst snakk om stiar som stort sett har vore lite i bruk etter at gardsdrifta vart lagt ned og det heilt lokale samfunnet på garden gradvis forsvann. Desse vegane spelte ei viktig rolle for transport til og frå dei ulike driftsområda, og etter kvart som me har arbeidd med dette, har det gradvis gått opp for oss at det er snakk om grunnleggjande infrastruktur som er i ferd med å forsvinna. Ved hjelp av intervju og vandringar i landskapet med eldre kjentfolk frå garden, har me fått oversikt over vegane, og me har gått i gang med å rydda vegane. Planen er å få målt vegane inn på eit digitalt kart som ein del av dokumentasjonen.

Ettersom all vår verksemde er basert på offentleg støtte etter søknad, er søknadsskriving, planlegging og rapportering eit ikkje uvesentleg innslag i vår arbeidskvardag.

Me er no inne i ein prosess med utarbeiding av ny forvaltningsplan og skjøtselsplan for Havrå, der me er representert i arbeidsgruppa. I tillegg til å delta på arbeidsmøta, brukar me ein del tid på å produsera underlagsmateriale til arbeidsgruppa.

Me har rekna tida me brukar til fagleg utvikling inn under forvaltning. Me har vore på kurs, seminar, nettverkssamlingar og fagtur.

Til saman har me brukt 71 dagsverk på arbeid knytt til forvaltning, til ein kostnad på **173 311 kr.**

Brakarydding i Markjæ

Brakaryddinga har fortsatt også i år på vestsida av dalen. Me leigar inn Krzysztof Dupлага gjennom avløysarlaget, og han ryddar brakje innimellom andre arbeidsoppdrag. På grunn av brannforbodet i utmark om sommaren føregår storparten av ryddinga om våren og hausten. Diverre har han også i år vorte jaga vekk frå arbeidet av Geir Sundal, slik at arbeidet stoppar opp. Dette er sjølv sagt ein uhaldbar situasjon.

Han har til no arbeidd for **kr. 170 168.**



Frå ryddinga på vestsida av dalen.

Oppsummering:

Tiltak me har utført i 2015:

Slått, fast tilsette:	kr. 307 566.
Slått, innleigd arbeidskraft:	kr. 542 642
Husdyr:	kr. 246 541
Åker:	kr. 161 106
Skjøtsel og vedlikehald:	kr. 410 088
Forvaltning:	kr. 173 311
Brakarydding:	kr. 170 168

Til saman:

kr. 2 011 422

Venleg helsing

Marit Adelsten Jensen, avdelingsleiar

Janit L - fen

Museumssenteret i Hordaland, avdeling Havrå.